



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dato: 18.12.2017  
Vår ref.: 2016/34293-20  
Saksbehandlar: ingskei  
Dykkar ref.:

## **Godkjenning av garanti for prosjekt som skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS**

Hordaland fylkeskommune har vore bompengeselskap for Stordalstunnelen på E134 i Etne. Saman med dei fleste andre bompengeprojekt, skal dette prosjektet leggast inn under det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS.

Fylkeskommunen har teke opp lån til prosjektet. Lånet er pr. dags dato 160 mill. kr. Når lånet skal overtakast av Sørvest Bomvegselskap AS, vil det vere behov for fylkeskommunal garanti, for å få så låg rente som mogleg.

Ein reknar med at bompengelånet vil bli nedbetalt i løpet av 7 – 8 år.

Ein vurderer risikoen ved denne garantien som minimal. Det har vore kravd inn bompengar på denne staden gjennom mange år, til utbetring av strekningar på Åkrafjordvegen. Bompengeinntektene har vore relativt stabile.

Samanlikna med dagens situasjon, der fylkeskommunen er låntakar, kan ein ikkje sjå at risikoen aukar ved å overføre lånet til Sørvest Bomvegselskap AS, og stille sjølvskuldnargaranti.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i møtet den 12.-13. desember 2017, sak 121/2017:

- «1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån til Stordalstunnelen på inntil 160 mill. kr. I tillegg til hovudstol omfattar garantien inntil 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar.
2. Garantiansvaret gjeld maksimalt fram til utgangen av 2026.»

Ein ber om at vedtaket vert godkjent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Ingvar Skeie  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*